

# Forskrift om ordensreglar for Granvin barne- og ungdomsskule

Vedtekne i SU 13. september 2017

## 1.0- Innleiing

### 1.1 Bakgrunn:

- a) Ordensreglane er heimla i Opplæringslova 9A-10
- b) Ordensreglane er laga i samsvar med rundskriv Udir -08-2014.med siste endringar frå 31.07.2017 og er i tråd med dei nye reglane i opplæringslova, kapittel 9A. (Foreldre og elevar er involverte. Reglane er positivt formulerte og viser ønskt åtferd. Reglane er korte og klare. Det er knytt klare konsekvensar til regelbrot.)
- c) Ordensreglane er første gong vedtekne av Samarbeidsutvalet 03.10.2012.

### 1.2 Føremålet med ordensreglane:

- a) Ordensreglane skal hjelpe elevane til å visa god orden og åtferd, og dei vaksne til å rettleia elevane.
- b) Ordensreglane skal vera med på å sikra elevane eit trygt, inkluderande og utviklande læringsmiljø.
- c) Ordensreglane skal skapa grunnlag for fagleg og sosial utvikling og god helse.
- d) Ordensreglane skal fremja eit godt samarbeid mellom heim og skule.
- e) Vurdering i orden og åtferd tek utgangspunkt i kva grad eleven opptrer i samsvar med ordensreglane for Granvin barne- og ungdomsskule. Ordensreglane er grunnlag for fastsetjing av karakter i orden og åtferd på ungdomssteget.

### 1.3 Kvar ordensreglane gjeld:

- a) Ordensreglane gjeld ved alle aktivitetar som skulen, har ansvar for, samt på skuleveg.

### 1.4 Klassereglar:

- a) Alle klassar skal i tillegg ha eigne klassereglar som presiserer dei delane av ordensreglane som treng utdjupande forklaring i høve til alder og modning. På ungdomssteget nyttar ein reglar som er felles for heile steget.
- b) Klassereglane skal særleg vera til hjelp for å skapa eit læringsfremjande arbeidsmiljø fritt for uro og mobbing.

### 1.5 Du har rett og plikt til å ta del i å skapa ein god skule til: (Jf. Opplæringslova §9A).

- a) Eit trygt skulemiljø fritt for mobbing, diskriminering, vald og truslar.
- b) Ein skule som hjelper deg til å ta vare på helsa di, fysisk og psykisk.
- c) Å bli teken på alvor når du tek opp ting som kan vere problematisk.
- d) Å vera inkludert og inkludera i det sosiale miljøet på skulen.
- e) Eit skulemiljø som gjev grunnlag for og fremjar læring..

## **2.0 - Reglar om god orden og åtferd ved Granvin barne- og ungdomsskule:**

### **2.1 Du viser god orden t.d. slik: (Jf. forskrift til opplæringslova §3-5)**

- a) Du kjem presis og godt førebudd til opplæringa.
- b) Du held god orden på skulesakene og bidreg til at det er god orden på skuleområdet.
- c) Du tek godt vare på personlege eigendelar og utstyr du har lånt frå skulen.
- d) Du har med utstyr som er naudsynt til skulearbeid og aktivitetar.
- e) Du leverer avtala eller pålagt arbeid innan fastsett tid.
- f) Du viser god arbeidsinnsats, har gode arbeidsvanar, og arbeider utan å uroa andre.
- g) Heimen gjev kontaktlærer melding på Mobilskole når du har vore borte frå skulen.
- h) Heimen søker om permisjon ved planlagt fråvær.

### **2.2 Du viser god åtferd t.d. slik: (Jf. forskrift til opplæringslova §3-5).**

- a) Du følgjer beskjedar gitt av vaksne, og du uroar ikkje undervisninga.
- b) Du opnar for at andre får vera med i leik og pauseaktivitetar, og respekterer spelereglar og avtalar.
- c) Du viser omsyn og respekt for medelevar.
- d) Du viser omsyn og respekt for alle vaksne som arbeider på eller er gjester ved skulen.
- e) Du er høfleg.
- f) Du er varsam og oppfører deg fint på skulevegen/busstoppen/i bussen.
- g) Du korkje plagar, mobbar eller kjem med truslar. Du utset ikkje andre for fare eller øydelegg andre sin leik/aktivitet.

### **2.3 Dette er forbode: (Jf. forskrift om miljøretta helsevern i skulen §18, Opplæringslova § 9a-3 og Forskrift til opplæringslova § 12-1.)**

- a) Å nyta eller ha med rusmiddel eller tobakk på skulen.
- b) Mobbing; utfrysing, å truga andre, fysiske eller verbale angrep på andre.
- c) Å ha med seg leiker/utstyr som kan skade andre på skulen.
- d) Å bruka t.d. sykkel, rullebrett og sparkesykkel i skulen/SFO si opningstid. Lærer kan i enkelte tilfelle gje lov til dette på temadagar, aktivitetsdagar og liknande. Rullebrett og sparkesykkel er lov for elevlar i 5.-10. klasse som har med hjelm og anna naudsynt verneutstyr.
- e) Å gjera ting som kan skada andre t.d. kasta stein, snøball, dytta i trappa, sparka bein under nokon.

### **2.4 Elles gjeld følgjande:**

- a) Elevane skal vera på skulen sitt område om ikkje anna er bestemt av lærar.
- b) Elevane i barnesteget skal til vanleg vera ute i pausane, ungdomsskuleelevane kan vera på hemsan og i vestibulen så lenge det er ro og orden der.
- c) Ytterklede, hovudplagg og utesko skal plasserast på rett plass i korridoren.
- d) Me nyttar innesko i klasseromma.
- e) Elevane får ikkje nytta eige digitalt utstyr som ein kan være på internett med, eller kan brukast til å ta bilete/video/lydopptak med i skuletida. Mobiltelefonar skal liggja avslått/på lydlaus i «mobilhotellet» i dei klassane som har eit slikt. Elles skal mobiltelefonar liggja avslått i sekken gjennom heile skuledagen. Ved særlege høve kan lærar gjera unntak for

dette. Dersom læraren tillèt det, kan elevane på mellomsteget og ungdomsskulen få høyra på musikk når dei arbeider i timane.

f) Elevane frå og med 1. klasse kan sykla til skulen. Alle som sykklar til skulen skal nytta hjelm.

g) Snop, tyggis, brus og andre søtsakerme tillet kakaopulver, iste pr. i dag, skal av helsemessige og hygieniske grunnar ikkje vera med på skulen/SFO. Lærar kan gjera unntak i særlege høve.

h) Elevar har ikkje lov til å gå på butikken i skuletida eller på veg til og frå skulen.

i) Elevar pliktar å fylgja reglane som skulen utarbeider, t.d. i samband med bruk av

j) Fusk/plagiat er ikkje lov.

### **3.0 – Konsekvensar ved brot på ordensreglane:**

#### **3.1 Grunngeving for konsekvensar: (Jf. Opplæringslova 9A 10, 11)**

a) Alle konsekvensane skal vera slik at elevane forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette.

b) Eleven skal ha høve til å forklara seg før det blir teke avgjersle om konsekvensar.

c) Konsekvensane skal stå i høve til kor alvorleg brotet på ordensreglane er, og bør koma så tett opp til regelbrotet som mogleg.

d) Eleven skal, om mogleg i samråd med sine føresette, få høve til å gjera opp for seg, be om unnskyldning eller rydda opp i det han/ho har stelt i stand.

e) Brot på reglane som gjeld bruk av mobilhotell: mobilane verta inndregne for kortare eller lengre tid, men ikkje ut over skuledagen.

#### **3.2 Til vanleg vil ein nytta desse konsekvensane ved brot på ordensreglane: (Alle tiltak med unntak av pkt. a) vert dokumentert skriftleg, og kopi vert lagt i elevmappa.)**

a) Medsnakk/tilsnakk/retteleiing/irrettesetjing av eleven.

b) Når dette ikkje hjelper; munnleg melding til heimen/føresette. Lærar lagar eige notat.

c) Skriftleg irrettesetting/skriftleg melding til heimen. Kopi arkivert i elevmappa.

d) Når handlingar gjentek seg, vil foreldre/føresette/elev verta kalla inn til samtale med kontaktlærar. Referat/oppsummering/avtale i elevmappa.

e) Pålegg om å retta opp det eleven har påført skulen eller andre. (Fjerna «tagging», rydda opp etter seg etc.) Eleven kan bli pålagt å gjera dette utanom undervisningstida si.

f) Rusmiddel og tobakk vert inndregne. Skriftleg melding til føresette, kopi i elevmappa.

g) Ulovlege rusmiddel vert levert til politiet. Det same gjeld dersom elevar har med seg utstyr som er laga for, eller kan nyttast til å trua eller skada andre, t.d. kniv/slåsshanskar m.m. Skriftleg melding til føresette, kopi i elevmappa. Det blir sendt bekymringsmelding til barnevernet.

h) Digitalt utstyr/leiker m.m. som er i bruk utan særskilt avtale, vert lagt inn som merknad på orden.

i) Erstatning av utstyr. For datamaskiner er det inngått eigen avtale mellom skule og heim for elevar på ungdomssteget. Føresett kan bli halden ansvarleg for inntil kr. 5000,- for skader eleven gjer. Øydelagde bøker kan også verta kravd erstatning for. Summen er fastsett til kr. 150,-. For tapt busskort må elevane betala 50 kr.

j) Ved brot på skulen sine reglar for bruk av t.d. digitalt utstyr, kan eleven bli fråteken retten til å bruka utstyret for kortare eller lengre periodar.

k) Fusk eller forsøk på fusk får konsekvensar for vurdering/karakter i åtferd. Har eleven fuska eller forsøkt fuska, vil arbeidet verta annullert. Dette gjeld alt skulearbeid.

l) Merknader på orden og åtfærd vert førte i its-learning frå 8. klasse. Summen av, eller alvoret i regelbrota avgjer om ein elev i ungdomssteget skal ha nedsett karakter i orden og/eller åtfærd.

Eleva på ungdomsskulen skal varslast om fare for nedsett orden- og åtfærdskarakter!

### **3.3 Ved alvorlege eller gjentekne brot: (Jf. opplæringslova §§ § 9A 10, 11)**

- a) Ved mobbing vil ein fylgja skulen sin handlingsplan mot mobbing, og nytta dei konsekvensane som er sett opp der.
- b) Når uønskte handlingar/åtfærd ikkje vert stogga/endra av skule/heim sin innsats i lag, vert det søkt hjelp utanfor skulen. (T.d. frå helsesystem, lækjar, PPT, BUP, barnevernstenesta, politiet eller andre faginstansar ein trur kan hjelpa). Dette kan og gjelda dersom eleven over tid ikkje viser fagleg framgang, interesse, arbeidsvanar og/eller innsats.
- c) Elevar som gjer alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglane kan visast bort frå resten av timen eller dagen. Dette gjeld for alle klassesteg. Faglærar kan gjera vedtak om bortvisning for resten av eigen undervisning (inntil 2 klokkeimar). Eleven skal då ha tilsyn. Rektor fattar vedtak om bortvisning for resten av dagen. Før vedtak om slik bortvisning vert sett i verk, skal føresette verta varsla.
- d) Ved gjentekne eller alvorlege brot på ordensreglane kan elevar på 8.-10 trinn verta utviste i inntil 3 dagar. Rektor fattar vedtak etter at elev/føresette har hatt høve til å uttale seg.
- e) Lovbrot vert varsla til heimen og meldt til politiet.
- f) Fråvær utan dokumentasjon vert handsama etter reglane i Handlingsplan for urovekkjande fråvær.

### **3.4 Følgjande tiltak kan ikkje nyttast: (Jf. Opplæringslova 9A-10)**

- a) Fysisk refsing.
- b) Krenkjande behandling.
- c) Kollektiv refsing.

## **5.0 - Klagerett:**

**5.1 Klagerett er knytt til vedtak om bortvising etter brot på ordensreglane, (Jf. Opplæringslova §§9A-10,11), og vedtak om skulemiljøet (Jf. Opplæringslova §§ 9a-2 og 9a-3), og fylgjer krava i forvaltningslova, §§ 28 og 29.**

a) Bortvising av elevar i 8.-10.-klasse for inntil 3 dagar:  
Føresette skal i den grad det er mogleg få høve til å uttale seg før vedtak vert sett i verk. Klagerett eksisterer sjølv om vedtak er sett i verk. Klageinstans er Fylkesmannen, og klage vert sendt via rektor. Bortvising av elevar i 1.-7.-klasse for resten av ein dag, kan skje etter at føresette er varsla.

b) Varsel (frå elev eller føresette) om tilhøve som vedkjem den einskilde og skulemiljøet, heimla i opplæringslova §9a:  
Dersom ein ikkje er nøgd med vedtaket, eller ein ikkje har fått tilbakemelding om vedtak innan rimeleg tid, har ein klagerett. Klageinstans er Fylkesmannen, og klage vert sendt via rektor.

I begge høve er klagefristen 21 dagar etter at ein er vorte informert om vedtaket.

**Vedtak:**

Samarbeidsutvalet gjer vedtak om denne forskrifta om ordensreglar ved Granvin barne- og ungdomsskule i møte 13.09.2017

Jenny Sofie Eidnes Kjerland (s) Rigmor Hanssen (s)